

Oppstart på ny tomannsbustad i Ospelunden.

30.11.2017



Gravearbeid for ny tomannsbustad er i gang i Ospelunden.

Utbygginga i Ospelunden har gått kjapt, og det ser ut til å halda fram i det populære byggefeltet med panorama-utsikt. Tirsdag starta gravearbeidet for ein ny tomannsbustad. Den eine leiligheta er alt seld, - før byggjestart og før annonsering. Det vert brukt lokale folk på heile byggjeprosjektet.

Oddbjørn Kroka i Ospelunden byggefelt fortel at dette er siste tomannsbustaden som vert bygt i første byggjesteget, men det er eit par tomtar for salg lengre ute, i nærleiken av der Kroka sjølv bur. Han fortel at dei no har fått igangsetjingsløyve for resten av feltet, men det er framleis uklart når oppstart vil skje.

Når det gjeld tomannsbustaden der det no er starta graving, har dei forløpig fått graveløyve, og søknad om byggjeløyve er inne. På grunn av lang behandlingstid i kommunen, håpar dei at løyvet skal vera klart innan ein månad.

Det er lokale folk som Ospelunden tidlegare har hatt gode erfaringar med, som skal stå for arbeidet med tomannsbustaden. Det er Br. Musland som alt er i gang med gravearbeid, og Ersland Forskaling skal stå for grunnarbeidet. Bygginga skal det nye firmaet Elite Snekkerservice AS stå for. Der er uskedelingen Rune Enæs ein av eigarane. Sjølv om firmaet er nytt, har Ospelunden gode erfaringar med fagfolka. Det var den andre eigaren, Kjell Inge Rørvik, sitt tidlegare firma, Rørvik Snekkerservice AS, som stod for bygginga av den siste einebustaden som vart oppført i feltet.



Bustaden kjem til venstre for einebustaden til Shirley og Jan Nordli.

Leiligheten som kjem i den nye tomannsbustaden, er lik leilighetene i tre-mannsbustaden som er i feltet. Det er store leiligheter over 2 etasjar. Bustaden kjem mellom einebustadene til Annemor Rød og Shirley og Jan Nordli.

Framveksten av Ospelunden har hatt stor betydning for utviklinga i Uskedalen. Med å bruka lokale arbeidsfolk og leverandørar er det også viktig for næringslivet her. Dette vil nok halda fram, for med den flotte utsikten er det tydeleg at det er populært å busetja seg der.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.